



Naturvernforbundet Nordhordland

Styrets

ÅRSMELDING

for perioden

11.04.13 – 21.03.14

Kapittel 1:
OVERSIKT OVER STYRET

LEIAR:	Jan Nordø
NESTLEIAR:	Ketil Hindenes
STYREMEDLEM:	Arne Geir Aasheim
STYREMEDLEM:	Monika Øksnes (f.o.m. 16.01.14)
STYREMEDLEM:	Geir Olav Toft
Varamedlem:	John Martin Jacobsen

Geir Olav Toft har vore sekretær og John Martin Jacobsen kasserar.

Kapittel 2:
OVERSIKT OVER UNDERUTVAL

UBÅT-UTVALET

Martin Eyvind Søfteland
Børje Møster

Kapittel 3:
OVERSIKT OVER REPRESENTASJON

FOLKEAKSJONEN MOT LUFTSPENN I NORDHORDLAND

Jan Nordø

MAN AND BIOSPHERE (UNESCO-prosjekt for Nordhordland)

Jan Nordø

Kapittel 4:
OVERSIKT OVER MEDLEMER I LOKALLAGET

01.01.2010: 102 medlemer
01.01.2011: 101 medlemer
01.01.2012: 106 medlemer
01.01.2013: 106 medlemer
01.01.2014: 103 medlemer

Kapittel 5: **OVERSIKT OVER ARBEIDET I STYRET**

1. TALET PÅ STYREMØTE

Styret har i årsmøteperioden hatt 4 styremøte.

2. SAKER STYRET HAR HANDSAMA

A. Styret har handsama 33 saker, m.a.

- Konstituering av nytt styre
- Skrinlegging av fullskala reinseanlegg på Mongstad
- Småkraftplanar i Romarheimsdalen og Eiterdalen
- Hurtigbåt til Bergen
- Kampen mot sitkagrana
- Biosfæreprosjektet
- Oljefri.no
- Søknad frå Norsk Gjenvinning om utslepp av PFOS m.m. til Fensfjorden
- Frank Mohn AS sine planar om utfylling i Flatøyosen
- Skogplanting som klimatiltak
- Nordhordlandspakken
- Supplering av styremedlem
- 420 kV kraftline Mongstad-Modalen
- Årsmøtet 2014
- Ope møte om sitkaspreiing og attgroing
- Bossfylling på Olsvollstranda
- Ny oljeleidning frå Johan Sverdrup-feltet til Mongstad
- Snikindustrialisering av Øksnesmarka
- Småkraftutbygging i Masfjorden
- Kollektivstrategi for Hordaland
- Infrastruktur for elbilar i Nordhordland
- Utplanting av framande treslag

B. Meir om einskildsaker

Biosfæreprosjektet

UNESCO-prosjektet *Man and Biosphere* var tema på årsmøtet i 2010. Grunntanken i prosjektet er berekraftig samfunns- og næringsutvikling der både ny og tradisjonell næringsverksemd er heilskapleg innlemma i eit geografisk avgrensa område. Regionrådet for Nordhordland har vore pådrivar i arbeidet med søknaden om å gjera Nordhordland til eit slikt biosfæreområde. Geografisk har ein tenkt seg området frå Troll i vest til Stølsheimen i aust. Målet er at Nordhordland om nokre år skal få status som den første biosfæreregionen i Noreg. Styret har heile tida vore svært positive til prosjektet og ideen om ei grunnleggjande berekraftig utvikling, men har sakna større tempo i framdrifta. No er prosjektet på skinner att, søknad til UNESCO skal leverast til våren, og leiaren har i 2013 kome inn i styringsgruppa for prosjektet som fast representant for dei frivillige organisasjonane i Nordhordland.

Rydd ein holme

Attgroing med sitkagran er blitt eit så stort problem at ikkje berre utsikt og naturoppleving blir øydelagt, men heile natur- og kulturlandskapsarven og det biologiske mangfaldet som er knytt til denne arven. Sitkagran er svartelista av norske styresmakter, men spreier seg no så raskt at om få tiår vil det opne landskapet som har vore så karakteristisk for Nordhordland, i store område høyra historia til om det ikkje vert sett inn omfemnande tiltak. Dei siste åra har spreinga blitt eit problem heilt ut i skjergarden på dei ytste øyane og holmane i Nordhordland. Ut mot havet klorar sitkagrana seg fast og kveler også der biologisk mangfald, rekreasjon og naturoppleving. På skrin jord med låg bonitet gror strandsona att.

Dette var bakgrunnen for at styret i samarbeid med Naturvernforbundet Hordaland i slutten av mars 2012 gjennomførte ein ryddedugnad på Lerøy i Austrheim med fjerning av sitkagran. Prosjektet *Rydde ein holme* var i gang. På førehand arrangerte Naturvernforbundet Hordaland temamøte om problemstillinga i Bergen, og frå Naturvernforbundet fekk styret kr 6 000 til innkjøp av utstyr. Planen har vore å gjera ryddinga til ein fast årleg dugnad med mobilisering av bygdefolk, skuleelevar, frivillige organisasjonar og kommunane. Då krevst det m.a. kommunale handlingsplanar og budsjettmidlar. Styret har tru på at eit pilotprosjekt i Austrheim kan hindra at dei mest sårbare områda og då især randsona ut mot sjøen, gror att. Vi har også tru på at gode erfaringar frå Austrheim kan ha spreingseffekt til andre kommunar i Nordhordland. I 2012 fekk styret etter søknad kr 10 000 i kommunale landbruksmidlar til dugnaden. I april 2013 gjennomførte vi saman med bygdefolk og ordføraren den andre ryddeaksjonen på Lerøy, med dekning i begge lokalavisene. No står lyngsviingskurs og den tredje aksjonen for døra. Dessutan vil Naturvernforbundet sentralt prøva å løfta prosjektet inn i eit større nasjonalt prosjekt. M.a. er det søkt om midlar frå Miljødirektoratet.

Utslepp av PFOS til Fensfjorden

Mot slutten av 2012 søkte Norsk Gjenvinning om utslepp til Fensfjorden av radioaktivt vaskevatt etter reinsing og gjenvinning av boreslam frå Nordsjøen. Naturvernforbundet Nordhordland og kommunane i Nordhordland sto samla mot søknaden. Den blei likevel godkjend av Miljødirektoratet (Klif og DSB).

Hausten 2013 opplyste Miljødirektoratet at dei under inspeksjon på Mongstad hadde funne fluorhaldege samanbindingar i ulovlege utslepp av industrivatt frå den same bedrifta. Norsk Gjenvinning blei pålagt å søkja konsesjon. Saman med nordhordlandskommunane har styret protestert også mot dette løyvet. Vi meiner tolegrensa for ulike utslepp til Fensfjorden kan vere overskride og fryktar konsekvensane for det marine naturmangfaldet. Ved sida av verksemda til Statoil Mongstad, er mange avfallsbedrifter lokalisert rundt fjorden. I tillegg til å gå i mot søknaden, krev vi difor resipientgransking av heile fjordbassenget ut til terskelen mellom Håvarden og Sandøy.

Vern av Øksnesmarka

Øksnesmarka mellom Årås og Øksnes er det største urørte naturområdet i Austrheim. Området er naken lynghei som grensar ut mot Åråsvangen og leiar ut mot Øyane, sjøve indrefiletten i det austrheimske naturlandskapet. Marka er rekreasjonsområde for bustadfeltet rundt med eit nett av turstiar og fiskevatn og har betydelege naturverdiar. Likevel ligg dette området inne som næringsområde i kommuneplanen, men det er ikkje regulert. Ein av dei største entrepenørane i Austrheim er no i ferd med å kjøpa seg inn i Øksnesmarka. Han driv

m.a. med steinuttak og steinknusing, og vi veit det er planar om liknande verksemd i Øksnesmarka med uttransportering av svært store massar når reservane er oppbrukte andre stader i kommunen. Austrheim har kommuneplanen til revisjon. Styret ynskjer i den samanhengen å fjerna det gigantiske industriområdet frå kommuneplanen slik at Øksnesmarka og denne delen av kommunen som LNF-område vert verna mot store uopprettelege inngrep. Til no har utbyggingar med omfattande naturinngrep vore konsentrerte til Mongstadområdet medan Fosnøy har vore skjerna til fordel for gode bustad- og oppvekstmiljø med rekreasjon og naturoppleving som viktige element. Slik bør det vera også i framtida. Det skal lokallaget kjempa for. Vi har mange alliansepartnarar.

Ubåten på Fedje

I februar 2013 blei dagleg leiar i Naturvernforbundet Hordaland, Nils Tore Skogland, kontakta av Brennpunkt-redaksjonen i NRK. Dei ynskte å laga ein kritisk dokumentar om Fedje-ubåten med innslag frå folk i Naturvernforbundet som kjende saka. Skogland vende seg vidare til leiaren i Naturvernforbundet Nordhordland som meinte ubåtutvalet vårt med Martin Søfteland og Børje Møster måtte vera dei rette personane til oppgåva. Især Søfteland sit inne med stor fagkompetanse i spørsmålet. Han har vore kritisk til mykje av prosessen, noko han klart har gjeve uttrykk både i høyringar og på prent. Dokumentaren vart vist våren 2013. Framleis ligg kvikksølvet på havets botn utanfor Fedje. Heller ikkje den ny regjeringa har vist handlekraft. Om det blir tildekking eller heving er enno ikkje avgjort. Vi krev ei rask avgjerd.

Utplanting av framande treslag som klimaskog

Hausten 2013 vart det søkt om utplanting av sitkagran i Austrheim. Sitkagran er framand treslag, opphavleg frå vestkysten av Nord-Amerika, som er svartelista i Noreg, men som Klimaforliket nærast har legalisert som «klimaskog» av di ho bind CO₂ hurtig. Klimarekneskapsen er det likevel stor usemje om, og sitkagran gjer stor skade på naturmangfald, landskap og friluftsliv på strandflata, også i Nordhordland. Dette har vi gjeve uttrykk for i eiga fråsegn til regjeringsmeldinga *Skogplanting som klimatiltak*.

Dugnaden «Rydd ein holme» (sjå over) og håpet om ein kommunal handlingsplan mot treslaget, har vore viktige i lokallaget si mobilisering mot spreiding og attgroing. I oktober 2013 vedtok styret høyringsfråsegn mot utplanting, og i februar 2014 fekk søkjaren avslag på søknaden hos Fylkesmannen, med mykje av styret si grunngeving. Det blir ingen utplanting. Samstundes har Fylkesmannen gjeve løyve til utplanting av store mengder koreaedelgran til juletreproduksjon på Radøy. Treslaget frør seg tidleg og kan som framandart representera eit stort spreingsproblem. Sannsynlegvis vil styret saman med Naturvernforbundet sentralt klaga på løyvet.

Kollektivstrategi for Nordhordland

Styret har gjeve høyringsfråsegn til Skyss' *Kollektivstrategi for Hordaland*. Satsinga på regionale busslinjer med fleire avgangar og kortare reisetid mellom Knarvik og Bergen meiner vi vil føra til fleire reisande og lågare klimagassutslepp. Til ein viss grad vil eit slikt tilbod få konkurranse frå den nye snøggbåten mellom Knarvik, Frekhaug og Bergen. Viss ein klarar å få ned klimagassutsleppa frå båten, er vi likevel positive til sjøvegs samband til Bergen. På lengre sikt bør likevel kollektivtransport med buss gjennom Nyborgtunnelen og bybane vera den føretrekte løysinga.

Nedbygging av bussruter i distrikta er styret delvis skeptisk til. Det er viktig å styrka tilbodet mellom kommunesentra i Nordhordland, og tynt folkesette område med mange sideveggar må få tilbod om tenlege tingingsrutar. Gjennomgåande korrespondansar er og eit viktig tiltak, og billettprisane må ned både på langruter og mellom Knarvik og Frekhaug og Bergen.

Infrastruktur for elbilar i Nordhordland

For å få ned klimagassutsleppa i distrikta, kan infrastruktur for elbilar vera eit godt alternativ til dårleg kollektivtilbod og mykje privatbilisme. Styret har gjeve innspel til Hordaland fylkeskommune om normalladepunkt i alle kommunesenter og større handlesenter i Nordhordland. Mykje tyder på at fylkeskommunen vil ta omsyn til innspela når vidare utbygging av infrastruktur for elbilar skjer i 2014 og 2015. Dessutan vil det i tillegg til Knarvik og Romarheim bli oppretta hurtigladestasjon ved rundkjøringa til Mongstad.

Oljefri.no

8. oktober 2013 blei oljefri.no lansert i Nordhordlandshallen av Naturvernforbundet Hordaland og kommunane Lindås og Radøy. Føremålet med prosjektet er erstatning av oljefyrar med varme frå fornybare energi, og fjerning av gamle oljetanker. Prosjektet er eit viktig bidrag for å få ned klimagassutsleppa i Nordhordland. Lokallaget har vore invitert til å delta i prosjektet, men har førebels ikkje hatt kapasitet. Andre saker har teke tida vår, men ein auke av styret frå 5 til 7 kan frigjera styremedlemar til prosjektet.

Utfylling i Flatøyosen

Frank Mohn AS kom hausten 2013 med nabovarsel om utfylling for industriføremål mellom Flatøy og Gudmundholmen i Meland. Våren 2013 markerte styret saman med bygdelaget på Flatøy motstand mot planane med oppslag i Bergens Tidende og intervju med nestleiareren. Det var uaktuelt for oss å akseptera skjemmaende inngrep i eit naturområde som fungerer som ein viktig buffer inn mot industriverksemda. Frank Mohn AS har no lagt frå seg attfyllingsplanen og vil heller sats på ei langstrekt kai langsmed verksemda.